

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte
<b>Dato:</b>	24.03.2021
<b>Tid:</b>	10:30-14:00

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Gunnar Moland	Medlem	H
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Trude Brosvik	Nestleiar	KRF
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Sigrid Rønneberg	Medlem	SAFO
Anita Helen Hammerseth Æsøy	Medlem	FFO

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Inge Øystein Aareskjold Fiskvik	Leiar	FFO
Bente Borghild Underthun	Medlem	SAFO
Egil Bru Overaa	Medlem	FFO

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Eirik Dahl	Bente Borghild Underthun	SAFO
Kjell Søvik	Inge Øystein Aareskjold Fiskvik	FFO

**Merknader**

Grunna tekniske problem datt medlem Anita Æsøy ut av møtet før saksbehandlinga starta. Det var såleis 7 medlemmer til stades under saksbehandlinga.

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Bjørn Erik Ofte	Spesialrådgjevar, seksjon IKT
Ragnhild Aak Skajaa	Overingeniør, seksjon utbygging
Tina Kvammen Mjøs Sinclair	Seniorrådgjevar, seksjon plan, klima og folkehelse
Aleksander Bjørøy	Rådgjevar, Skyss
Arild Knapskog	Rådgjevar / møtesekretær, politisk sekretariat

**Saksliste**

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>	<b>U.Off</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 3/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 03.02.2021	2020/77152	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 6/21	Informasjon om klimaplanprosessen - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2021/2254	
RS 7/21	Rutinar og rettleiing for planlegging i Vestland - samarbeid og medverknad	2020/77152	
RS 8/21	Rapport frå FFO Vestland	2020/77152	
RS 9/21	Tilskot til statleg sikring og grunnleggande tilrettelegging av friluftsområdet 2021	2020/77152	
RS 10/21	Medverknad og samarbeid - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv	2020/77152	
RS 11/21	Felles takst og sonestruktur for buss og bybane i Vestland fylke	2020/77152	
RS 12/21	Plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland	2020/77152	
RS 13/21	Pilot autonom buss i Førde	2020/77152	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 3/21	Pilot aldersvennlig transport i Bergen	2020/44795	
PS 4/21	Medverknad og samarbeid - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv		
PS 5/21	Plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland		
PS 6/21	Uttale til fylkesutvalet og fylkesrådmannen		

## Godkjenningssaker

### **GK 3/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.03.2021**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok samrøystes å gjere sak RS 10/21 «Medverknad og samarbeid - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv» om til ei politisk sak og sette saka på sakslista.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok samrøystes å gjere sak RS 12/21 «Plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland» om til ei politisk sak og sette saka på sakslista.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok samrøystes å sette saka PS 5/21 «Uttale til fylkesutvalet og fylkesrådmannen» på sakslista til møtet.

Innkalling og saksliste vart godkjent med merknadane ovanfor.

### **GK 4/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 03.02.2021**

Møtebok frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 03.02.2021 er lagt ved saka

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.03.2021**

Møteprotokollen frå møte 03.02.2021 vart godkjent.

## Referatsaker

### **RS 6/21 Informasjon om klimaplanprosessen - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.03.2021**

RS 6/21 vart referert.

### **RS 7/21 Rutinar og rettleiing for planlegging i Vestland - samarbeid og medverknad**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.03.2021**

RS 7/21 vart referert.

### **RS 8/21 Rapport frå FFO Vestland**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.03.2021**

RS 8/21 vart referert.

### **RS 9/21 Tilskot til statleg sikring og grunnleggande tilrettelegging av friluftsområdet 2021**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.03.2021**

RS 9/21 vart referert.

### **RS 10/21 Medverknad og samarbeid - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.03.2021**

RS 10/21 vart referert.

**RS 11/21 Felles takst og sonestruktur for buss og bybane i Vestland fylke**  
**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.03.2021**

RS 11/21 vart referert.

**RS 12/21 Plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland**  
**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.03.2021**

RS 12/21 vart referert.

**RS 13/21 Pilot autonom buss i Førde**  
**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.03.2021**

RS 13/21 vart referert.

## Politiske saker

### **PS 3/21 Pilot aldersvennlig transport i Bergen**

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sluttar seg til at det vert sett i verk pilot for aldersvennleg transport.

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.03.2021**

**Trude Brosvik (Krf)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Sidan piloten skal legga til rette for andre grupper som har utfordringar med å komma seg rundt i kvardagen, vil rådet for menneske med nedsett funksjonsevne at det vert arbeid med eit namn på tilbodet som ikkje viser berre til ei aldersgruppe»

#### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Tilråding frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sluttar seg til at det vert sett i verk pilot for aldersvennleg transport.

Sidan piloten skal legga til rette for andre grupper som har utfordringar med å komma seg rundt i kvardagen, vil rådet for menneske med nedsett funksjonsevne at det vert arbeid med eit namn på tilbodet som ikkje viser berre til ei aldersgruppe.

### **PS 4/21 Medverknad og samarbeid - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv** **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.03.2021**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok samrøystes å gjere sak RS 10/21 «Medverknad og samarbeid - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv» om til ei politisk sak og sette saka på sakslista.

**Kjell Gitton Håland (A)** sette på vegner av seg sjølv, Trude Brosvik og Gunn Åmdal Mongstad fram slikt forslag til uttale:

«RMNF har ikkje merknad til val av plantema, men vil peike på at alle tema må femne det mangfaldet vi har blant innbyggjarane. Og vil særleg peike på dei som har ei eller anna form for nedsett funksjonsevne. Vi tenkjer den gruppa må nemnast særleg, sidan det ofte

vil vere trong for særleg tilrettelegging av tilbod og deltaking. Frivillig arbeid og samarbeid mellom det offentlege og frivillige organisasjonar må få brei plass innanfor plantema»

**Gunn Åmdal Mongstad (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:  
RMNF ynskjer å delta aktivt i den vidare planprosessen og ber om ei orientering på komande møte.»

#### **Avrøysting**

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
Mongstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

RMNF har ikkje merknad til val av plantema, men vil peike på at alle tema må femne det mangfaldet vi har blant innbyggjarane. Og vil særleg peike på dei som har ei eller anna form for nedsett funksjonsevne. Vi tenkjer den gruppa må nemnast særleg, sidan det ofte vil vere trong for særleg tilrettelegging av tilbod og deltaking. Frivillig arbeid og samarbeid mellom det offentlege og frivillige organisasjonar må få brei plass innanfor plantema.

RMNF ynskjer å delta aktivt i den vidare planprosessen og ber om ei orientering på komande møte.

### **PS 5/21 Plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland**

#### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.03.2021**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok samrøystes å gjere sak RS 12/21 «Plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland» om til ei politisk sak og sette saka på sakslista.

**Gunn Åmdal Mongstad (Sp)** sette fram slikt forslag:

«RMNF vil gjerne delta i referansegruppa og vere høyringspart i saka før ho vert lagt fram for politisk behandling. Vi vil i utgangspunktet minne om at elevar med trong for ekstra tilrettelegging og spesialundervisning har same rettar som andre elevar når dei søker skule. Og at det ligg ein meirverdi for integrering og forståing i at elevar med ekstra utfordringar ikkje vert samla på færre skular / klassar.»

#### **Avrøysting**

Mongstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

RMNF vil gjerne delta i referansegruppa og vere høyringspart i saka før ho vert lagt fram for politisk behandling. Vi vil i utgangspunktet minne om at elevar med trong for ekstra tilrettelegging og spesialundervisning har same rettar som andre elevar når dei søker skule. Og at det ligg ein meirverdi for integrering og forståing i at elevar med ekstra utfordringar ikkje vert samla på færre skular / klassar

### **PS 6/21 Uttale til fylkesutvalet og fylkesrådmannen**

#### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.03.2021**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok samrøystes å sette saka PS 5/21 «Uttale til fylkesutvalet og fylkesrådmannen» på sakslista til møtet.

**Trude Brosvik (Krf)** sette fram slikt forslag:

«RMNF viser til orientering om nytt fylkesbygg gitt i møte 24. mars.

Dersom ein held fast på løysinga med amfi i tingsalen, må ein sikre betre tilgjenge for td rullestolbrukarar. Det framstår ikkje som ei god nok ordning at politiske grupper med rørslehemma medlemmer skal sitte enten framme eller bak. Og dersom ein sitt bak, vil den

som skal på talarstolen måtte køyre via galleri og eit anna rom for å kome til og frå talarstolen. Det er ikkje tilfredsstillande! Vi ber om at ein vurderer ei løysing med skråplan med stigning som er ok for rullestol, dersom ein held på amfi.

Det er heller ikkje akseptabelt at ein i praksis stenger for at tilsette med rørslehemming kan arbeide i videoredigeringsrommet.

Ein må sikre at det er plass nok (snusirklar) for rullestol alle stader.

Rådet er også oppteken av at tilbodet tilfredsstillar behova til hørselshemma og synshemma, både for skiltplan og kontrast-fargeval/ledelinjer. RMNF ber om å bli høyrte i det vidare arbeidet og om den universelle utforminga.»

### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Uttale**

RMNF viser til orientering om nytt fylkesbygg gitt i møte 24. mars.

Dersom ein held fast på løysinga med amfi i tingsalen, må ein sikre betre tilgjenge for t.d. rullestolbrukarar. Det framstår ikkje som ei god nok ordning at politiske grupper med rørslehemma medlemmer skal sitte enten framme eller bak. Og dersom ein sitt bak, vil den som skal på talarstolen måtte køyre via galleri og eit anna rom for å kome til og frå talarstolen. Det er ikkje tilfredsstillande! Vi ber om at ein vurderer ei løysing med skråplan med stigning som er ok for rullestol, dersom ein held på amfi.

Det er heller ikkje akseptabelt at ein i praksis stenger for at tilsette med rørslehemming kan arbeide i videoredigeringsrommet.

Ein må sikre at det er plass nok (snusirklar) for rullestol alle stader.

Rådet er også oppteken av at tilbodet tilfredsstillar behova til hørselshemma og synshemma, både for skiltplan og kontrast-fargeval/ledelinjer. RMNF ber om å bli høyrte i det vidare arbeidet og om den universelle utforminga.